UTDANNINGS FORBUNDET
Fjaler

Resolusjon til årsmøtet i Utdanningsforbundet Fjaler 2023

Forslaget kjem frå

Styret Utdanningsforbundet Fjaler

Tittel:

Kvalifisert personale i oppvekstsektoren

Det er særs vanskeleg å få tak i kvalifisert personale i oppvekstsektoren i Fjaler. Det er ein merkbar nedgang i kvalifiserte søkjarar til stillingar som blir lyste ut.

Brødtekst:

Kvalifiserte vikarar/ vikarar i det heile, er vanskeleg å få tak i. I mange tilfelle er det umogleg å få tak i vikarar. Dette fører til at kvaliteten på undervisninga blir dårlegare, og større arbeidspress på den einskilde (kvalifiserte) tilsette som er på jobb.

Vi ynskjer høg fagleg kvalitet på opplæringa i kommunen. Heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande er like viktig.

Utdanningsforbundet Fjaler ynskjer at arbeidsgjevar KS tek alvoret i lærarmangelen inn over seg, og arbeider for å tilpasse løn- og arbeidsvilkår i sektoren for å gjere yrka meir attraktive. Både med tanke på å behalde dei ein har og rekruttere nye til yrka.

Forslag til vedtak

Utdanningsforbundet Fjaler sender resolusjonen til lokale politikarar og kommuneadministrasjon, fylkespolitikarar og KS sitt styre

Kven frå klubben skal legge frem saken på årsmøtet

Styret